



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Teams
Dato: 22.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 10:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Siri Sunde	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ronny Cassells	Kinn AP	Bente Nygård	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Ørjan Kvalheim	Kinn FrP	Terje Svardahl	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H	Bjørn Løkkebø Halsnes	Kinn H
Hanne Eva Husebø	Kinn H	Solbjørg Myrhaug Teige	Kinn H
Kristensen			UAH
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF	Anne Karine Lysne	Kinn KrF
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Anne Marit Seljeseth	Kinn V	Jan Henrik Nygård	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V	Hilmar Eliasson	Kinn V
			UAH

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Aud Norunn Vig	106/26	Johan Vadøy	fvl. § 6 2.ledd

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Sissel Leni Sundal Nærø, kommuneadvokat
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Henrik Ulriksen, spesialkonsulent
Mari Halsør, spesialkonsulent

Ymse:

Habilitetsvurdering i sak 106/26.

Repr. Vig (KrF) tiltredde møtet kl 09.10, etter behandling av sak 105/26. Repr. Vadøy (KrF) stilte som vara i sak 104/26 og 105/26, og gildskapsvara i sak 106/26.

Måløy, 23.06.2026

Bengt Solheim-Olsen
Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
104/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
105/26	Godkjenning av møteprotokoll
106/26	2. gangs Lovlegkontroll av Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera



Saksnr.	Utval	Møtedato
104/26	Kommunestyret	22.06.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 104/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 22.06.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 104/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
105/26	Kommunestyret	22.06.2026

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 105/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre, med endring i sak 085/26 under røysting - Raudt endrast til FrP.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 22.06.2026:

Raudt v/repr. G. Oldeide påpeikar feil i røysting i sak 085/26, der det står 10 stk frå Raudt og Refvik v/Raudt. Dette er feil.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 105/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre, med endring i sak 085/26 under røysting - Raudt endrast til FrP.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 10.06.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
106/26	Kommunestyret	22.06.2026

2. gangs Lovlegkontroll av Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera

KOST- 106/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre tek ikkje lovlegkontrollen av kommunestyret sitt vedtak i sak 26/073 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera» til følgje.
2. Kinn kommunestyre stadfestar vedtaket av 19.05.2026 i sak 26/073.
3. Saka vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming av lovlegkontrollen, jf. kommunelova kapittel 27.

Grunngjeving

Kommunestyret viser til at lovlegkontrollen gjeld spørsmål om vedtaket i sak 26/073 har kome til på lovleg måte, særleg knytt til habilitet og deltaking i politisk gruppemøte i forkant av kommunestyret si handsaming.

Kommunestyret meiner det ikkje ligg føre rettsleg grunnlag for å oppheve vedtaket.

For det første legg kommunestyret til grunn at Florø Hamn KF er eit kommunalt føretak og dermed ein del av kommunen si eiga organisering. Styremedlemmer i kommunale føretak er ikkje omfatta av den automatiske inhabilitetsregelen i forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e på same måte som styremedlemmer i sjølvstendige selskap. Rolla som styremedlem eller styreleiar i Florø Hamn KF kan derfor ikkje i seg sjølv føre til inhabilitet.

Kommunestyret viser vidare til at Florø Hamn KF ivaretek kommunen sine interesser etter mandat frå kommunestyret. Eventuelle interesser Florø Hamn KF har i saka, er difor kommunale interesser, ikkje personlege eller private interesser for den enkelte folkevalde. Det er ikkje påvist at representanten Vågene hadde personleg økonomisk vinning, personleg tap, privat fordel eller annan særskild personleg interesse i utfallet av reguleringssaka.

Kommunestyret meiner at forvaltningslova § 6 andre ledd må praktiserast med varsemd i saker der tilknyttinga byggjer på verv i kommunen si eiga organisering. Dersom eit slikt kommunalt verv, kombinert med at kommunen har interesser i saka, i seg sjølv skal føre til inhabilitet, vil det kunne skape ein svært vidtrekkande regel for folkevalde som er valde til å ivareta kommunen sine interesser i kommunale råd, styre, utval og føretak. Kommunestyret meiner at dette ikkje kan vere rett forståing av habilitetsreglane.

Kommunestyret har merka seg at aksjonæravtalen mellom Florø Hamn KF og den private aksjonæren i Måsholmen Utvikling AS er trekt fram som eit mogleg «interessefellesskap». Kommunestyret meiner likevel ikkje at dette er tilstrekkeleg til å konstatere inhabilitet for styreleiar i Florø Hamn KF. Aksjonæravtalen gjeld oppfølging av

kommunen sitt engasjement i prosjektet, slik kommunestyret tidlegare har lagt til rette for. Dette er framleis ei kommunal interesse, ikkje ei særskild personleg interesse for representanten.

For det andre viser kommunestyret til at Vågene ikkje deltok i kommunestyret si handsaming av sak 26/073 den 19.05.2026. Ho deltok ikkje i debatten, ho deltok ikkje i habilitetsvurderinga i møtet, og ho deltok ikkje i avstemminga. Kommunestyret meiner det skal mykje til før habiliteten til ein representant som ikkje deltok i det formelle vedtaksorganet, kan føre til at kommunestyret sitt vedtak må opphevast.

For det tredje meiner kommunestyret at eit internt politisk gruppemøte ikkje er eit folkevalt organ etter kommunelova. Slike møte er ein del av den politiske prosessen, der partia drøftar saker, avklarar standpunkt og førebur seg til møte i folkevalde organ. Kommunestyret meiner det vil vere uheldig om ordinære interne partimøte i ettertid vert behandla som formelle saksførebuarde organ på ein måte som gjer at kommunestyrevedtak kan opphevast utan klare haldepunkt for ulovleg påverknad.

Kommunestyret kan ikkje sjå at det er dokumentert kva Vågene skal ha sagt i gruppemøtet, korleis drøftinga i Høgre si gruppe gjekk føre seg, eller at hennar deltaking faktisk påverka gruppa sitt standpunkt. Kommunestyret viser til at kvar kommunestyrerepresentant har eit sjølvstendig ansvar for si stemmegjeving i kommunestyret. At ei partigruppe har drøfta saka og kome fram til eit felles standpunkt før møtet, er i seg sjølv ikkje ein saksbehandlingsfeil.

Kommunestyret legg òg vekt på at Vågene tidlegare var funnen habil ved handsaming av same sak, og at ho i forkant av kommunestyremøtet tok opp spørsmålet om habilitet på nytt. Ho hadde meldt forfall til møtet 19.05.2026, og kommunestyret fekk derfor ikkje vurdert hennar habilitet i dette møtet. Kommunestyret meiner det ikkje er grunnlag for å leggje til grunn at ho har opptrudd klanderverdig eller i strid med habilitetsreglane.

Når det gjeld forvaltningslova § 41, meiner kommunestyret at det uansett ikkje er påvist ein saksbehandlingsfeil som gir grunnlag for å setje vedtaket til side. Det ligg heller ikkje føre konkrete haldepunkt for at Vågene si deltaking i eit internt partigruppemøte kan ha verka inn på kommunestyret sitt vedtak. Ein rein hypotetisk moglegheit for politisk påverknad i eit internt partimøte kan ikkje vere tilstrekkeleg til å oppheve eit lovleg fatta kommunestyrevedtak, særleg når den aktuelle representanten ikkje deltok i kommunestyret si handsaming eller avstemming.

Kommunestyret viser vidare til at påstanden om mangelfull utgreiing etter forvaltningslova § 17 ikkje kan føre fram. Aksjonæravtalen var kjend og kunne vurderast ved kommunestyret si handsaming 19.05.2026. Kommunestyret hadde dermed høve til å ta stilling til dei opplysningane som var relevante for saka og habilitetsspørsmålet før vedtak vart fatta.

På denne bakgrunn meiner kommunestyret at vedtaket i sak 26/073 har lovleg innhald, er fatta av rett organ og har kome til på lovleg måte. Lovlegkontrollen vert difor ikkje teken til følgje, og kommunestyret stadfestar vedtaket.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre opphevar vedtak av 19.05.26, sak 26/073 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera»

Oppsummering :

Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera var fremja som privat planframlegg og utarbeidd av Måsholmen Utvikling AS, jfr pbl §12-12. Kinn kommune ved Florø Hamn KF

eig 50% av aksjane i Måsholmen Utvikling AS. Kommunestyret godkjende reguleringsplanen med stemmeutfall, 20 stemde for planen og 17 mot i møte 19. mai 2026. Saka kom opp att etter at Statsforvaltaren i brev av 21. april 2026 sette kommunestyret sitt vedtak 29. januar til sides. Høgregruppa stemde samla (6 representantar).

Påstand i lovlegkontrollen

Krav om lovlegkontroll av planvedtaket no er fremja av Ap, Sv og Raudt. Grunnlaget for lovlegkontrollen er knytt til påstand om inhabilitet for kommunestyrerepresentant Vågene. Sjølv om Vågene hadde fråfall til kommunestyret, har ho delteke på gruppemøte der saka var handsama. Dette kan ha verka inn på korleis høgregruppa stemde på møtet. Lovlegkontrollen gjeld også tidlegare handsamingar i kommunestyret 2026, og 2024 med påstand om mangelfull utgreiing, jfr fvl §17. Påstanden er tilbakevist i saka med grunngjeving.

Ordførar har bede om å kontrollen vert handsama før sommarferien med utgangspunkt i at saka kan komme opp att tidleg på hausten.

Vågene har fått sin habilitet vurdert tidlegare og funne habil

Kommunestyret har i to andre møte, i januar 2026, og mai 2024, funne representanten Vågene habil til å delta i samband med handsaming av reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera. Ny informasjon til møtet 19. mai gjorde at andre i styret i Flora Hamn KF i møtet 19. mai vart kjende inhabile.

Grunngjeving for framlegg til vedtak

I saka no peikar kommunedirektøren på at Vågene ikkje har personlege interesser i utfallet av saka. Aksjonæravtalen mellom Florø Hamn KF og den andre aksjonæren i Måsholmen Utvikling AS er i saka vurdert til å vere eit interessefellesskap. Ei slik interesse er eit særlege forhold som gjer at Vågene etter administrasjonen si vurdering hallar mot inhabilitet etter fvl §6,2 ledd. Vågene deltok på førebuande gruppemøte der Høgre si partigruppe og kommunestyrerepresentantane samla seg om å gå inn for planen. Dette er ein sakshandsamingsfeil, sjølv om inhabilitet blir oppdaga etter møtet. Hennar deltaking **kan** ha påverka utfallet av saka. Feilen kan ha innverknad på resultatet, jfr. §fvl 41. Planvedtaket har derfor ikkje kome til på rette måten og må handsamast på nytt.

Saka er samansett

Styret i kommunale føretak er ein del av den kommunale organiseringa, og er unnateke frå habilitetsreglane etter fvl §6, 1 ledd, slik forvaltningslova gjeld for andre selskapstypar. Kommunestyret har i 2021 godkjend kommunen sitt engasjement i Måsholmen AS. Vågene opptre såleis som folkevald i høve dei organa ho deltek i, og ein oppfyller oppgåvene dei er sett til å gjere. Vi har heller ikkje anna informasjon om gruppemøtet enn kva som vart referert i kommunestyret 19. mai. Om det faktisk har skjedd slik påverknad frå Vågene at det har vore utslagsgjevande for partigruppa kan vi ikkje dokumentere.

Vågene har handla i god tru

Saka, og habilitetsvurderinga, har derfor fleire sider og nyansar. Vågene har ikkje personleg vinning eller personleg interesse i utfall av saka, og ho handla i god tru når ho deltok på gruppemøtet. Vågene er funne habil ved tidlegare handsamingar. Kommunestyret har heller ikkje teke stilling til Vågene sin habilitet etter §fvl 8. Berre folkevalde organ har slik mynde. Vågene tok opp spørsmålet om habilitet på nytt i god tid før kommunestyremøtet 19. mai, noko som er korrekt etter kommunelova §11-10, og forvaltningslov §8, 1 ledd.

Grunnar til å løfte saka til Statsforvaltaren

Denne lovlegkontrollen er derfor ikkje beint fram å ta stilling til. Kommunedirektøren har derfor også vurdert ei alternativ vedtaksformulering. I seg sjølv kan det vere grunnar til å løfte spørsmålet til Statsforvaltaren. Dette kan skje ved å stadfeste vedtaket, og sende

det vidare til nærare vurdering hos Statsforvaltaren.

1.0 Kva saka gjeld, framsett krav om lovlegkontroll av vedtak k.sak 26/073

Med heimel i kommunelova § 27-1 har representantar frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Raudt krav lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 73/26 – «Gjentatt slutthandsaming av detaljreguleringsplan for Måsholmen» (vedlagt)

KOST- 26/073 Vedtak:

1. medhald av pbl §12-12, vedtek Kinn kommunestyre framlegg til Detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102, med Planomtale, Konsekvensutgreiningar og ROS-analyse datert 05.02.2024 og føresegner sist datert 29.04.2024, når plankart er justert i samsvar med skisse datert 29.04.2024.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde:

Bruløysing/seilingshøgde Nytt pkt.e) Det skal tilrettelegast for at mindre fritidsbåtar framleis skal kunne gå gjennom Trolleskjærsundet. Bruløysing skal difor ha tilstrekkeleg seglingshøgde til dette formålet, og ivareta sikkerheita både for trafikk og dei sjøfarande. Saksutgreiing med alle tilhøyrande vedlegg frå KOST 063/24 er vidareført i denne saka, og er såleis formelt underlagsdokumentasjon til dette vedtaket.

Kommunelova set vilkår for kven som kan fremje lovlegkontroll av vedtak og korleis saka skal handsamast. Stadfestar kommunestyret sitt vedtak, vert vedtaket sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming. Kommunestyret kan også velje å ta opp att saka til ny handsaming om kommunestyret sjølv finn at vedtak var ulovleg.

Dersom kommunestyret vel å sende saka til Statsforvaltaren har embetet høve til å gå gjennom alle sider av saka.

Saka har vore handsama slik til no;

Tidspunkt	Handsaming
Mai 2024	Planen handsama i utval for plansaker og i kommunestyret; saka vart utsett
Januar 2026	Kommunestyret handsama saka på nytt og vedtok å ikkje godkjenne planen. (21 for å avvise planen, 18 for å godkjenne planen)
Mars 2026	Kommunestyret handsama krav om lovlegkontroll. Saka vart sendt til Statsforvaltar for avgjerd.
21. april 2026	Statsforvaltaren oppheva kommunestyret sitt vedtak frå januar
19. mai 2026	Kommunestyret godkjende planframlegget (20 for å godkjenne planen, 17 mot)
9. juni 2026	Ap, SV og Raudt kravde lovlegkontroll av mai-vedtaket
22. juni	Handsaming av ny lovlegkontroll.

Kommunestyret si handsaming 19. mai var den første rettskraftige slutthandsaminga,

ettersom vedtaket frå januar 2026 vart underkjend av Statsforvaltaren. Kommunestyret må no ta stilling til ny lovlegkontroll.

1.1 Vilkår for lovlighetskontroll (kommunelova)

§ 27-1. Lovlighetskontroll

Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen kreve at departementet kontrollerer om et vedtak er lovlig. Et slikt krav må fremmes innen tre uker fra vedtaket ble truffet... Kravet skal settes fram for det organet som traff vedtaket. Hvis organet opprettholder vedtaket, skal saken sendes til departementet.

§ 27-2. Hva som kan lovlighetskontrolleres

*Følgende kan lovlighetskontrolleres;
«endelige vedtak som er truffet av et folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen, vedtak om et møte skal holdes for åpne eller lukkede dører, vedtak som gjelder spørsmål om inhabilitet»*

§ 27-3. Innholdet i lovlighetskontrollen

Ved lovlighetskontroll skal departementet ta stilling til om vedtaket

- A. *har et lovlig innhold*
- B. *er truffet av noen som har myndighet til å treffe et slikt vedtak*
- C. *har blitt til på lovlig måte*

1.2 Grunngeving for krav om kontroll av vedtak

Dei som har fremja krav om lovlegkontroll hevdar, utdrag av lovlegkontrollen 9. juni;

«at vedtaket må kjennast ugyldig fordi det ligg føre feil ved habilitetsvurderingane og ved saksbehandlinga som kan ha hatt innverknad på både planprosessen og utfallet av saka.

Styreleiar i Flora Hamn KF er medlem av kommunestyret og leiar av plan- og miljøutvalet. Arlene Vågene har dermed delteke i fleire formelle vedtaksorgan. Rolla som styreleiar i det kommunale føretaket inneber eit tydeleg mål for verksemda som kan kome i motstrid til rolla som folkevald.

Vågene møtte ikkje til behandling av saka og dermed unngikk partiet at hennar habilitet vart vurdert. Påverknaden på prosessen er likefullt av stor betydning og reiser tvil om nøytralitet i sakshandsaminga / upartiskheit, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd (særegne forhold som er eigna til å svekkje tilliten til upartiskheita). Den nye behandlinga i mai 2026 kan etter klager sitt syn ikkje utan vidare reknast som ein full reparasjon av tidlegare prosessuelle feil.

Vi ber om vurdering av kva betydninga det har at aksjonæravtala ikkje vart gjort kjend på eit tidlegare tidspunkt i sakshandsaminga. Når dokumentasjon som kan vere avgjerande for habilitetsvurderingar først kjem fram på eit seint tidspunkt, oppstår det spørsmål om saka har vore tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17. Det er på det reine at sentrale vurderingar av habilitet vart endra som følgje av den nye informasjonen. Dette talar for at grunnlaget for vedtaket kan ha vore mangelfullt.

Når det gjeld partiet Høgre si beslutning om "å binde gruppa", er vi i tvil om praktiseringa kan forståast i motstrid til lova sin intensjon om at kvar politikar har personleg ansvar for si stemme i formelle møter, og om partiorganet/partigruppa kan ha gått for langt når realiteten vart som her; at partiet hadde tatt beslutning før møtet var satt og representantar mista moglegheit til å delta i realitetsbehandling.

Slik vi forstår KS-veileder og punkt 5.4.3 i KDD- veileder, 2018, er denne praksis i ei klar gråsone. "Det at politiske partier ikke er omfattet av regelverket, betyr likevel ikke at

man kan omgå saksbehandlingsreglene og flytte saksbehandlingen ut av organet.” Gruppeleiar i Høgre er styreleiar i Flora Hamn KS og har då ansvar som kan vere i motstrid til omsyn og interesser andre politikarar i same partigruppe har. Sjølv om gruppeleiar melde forfall til kommunestyremøtet, var utfallet gitt»

1.3 Saksgang som leia fram til lovlegkontrollen

Planen var handsama i utval for plansaker i mai 2024 og i kommunestyret, men vart utsett. Kommunestyret fekk ny utgreiing og handsama saka på nytt i januar 2026. Under handsaminga vedtok kommunestyret å ikkje godkjenne planen. Vedtaket vart påklaga gjennom lovlegkontroll, og statsforvaltar oppheva kommunen sitt vedtak. Reguleringsplanen var fremja til ny slutthandsaming til møte i mai 2026 der kommunestyret godkjende planframlegget.

1.4 Styreleiar, habil ved tidlegare handsamingar

Representanten Arlene Vågene er styreleiar i Florø Hamn KF. Representanten har delteke i handsaming av reguleringsplan i plan- og miljøutvalet, og i to kommunestyremøte (mai 2024, januar 2026). Habilitet vart vurdert, og ho vart kjend habil til å delta med utgangspunkt i at ho ikkje hadde særlege fordeler/ulempar, verken økonomisk eller praktisk av utfall av saka. Ho hadde forfall til møte 19. mai 2026, og habiliteten er såleis ikkje vurdert på nytt av kommunestyret. Kommunedirektøren har fått opplyst at gruppemøtet vart halde 11. mai. Vågene hadde før gruppeleiar møte bede om å få sin habilitet vurdert.

1.5 Handsaming i gruppemøte i Høgre

Under kommunestyremøtet kom det fram at Høgre hadde «bunde» gruppa sitt på eit gruppemøte i forkant av kommunestyremøtet. Vi legg til grunn at Vågene deltok på gruppemøte. Vågene er til vanleg også gruppeleiar for Høgre i kommunestyre.

1.6 Handsaming av habilitet for styremedlem i Florø Hamn KF

Under møtet 19. mai fann kommunestyret styremedlem i hamneføretaket og kommunestyrrerrepresentant, Gustav Johan Nydal, inhabil til å delta i handsaming av plan i sak 26/073. Dette med bakgrunn ny informasjon som var lagt fram til møtet. Til møtet var det lagt fram aksjonæravtale for Måsholmen Utvikling AS som tidlegare ikkje hadde vore vurdert. Kommunestyret fann han inhabil etter fvl §6,2 ledd. Kommunedirektøren har tidlegare gitt kommunestyret råd om å finne styreleiar og styremedlem habil. Kommunedirektøren vart kjend med aksjonæravtalen 15. mai. Aksjonæravtalen har vore unnateke offentleggjering tidlegare. Kommunedirektøren endra si innstilling til habilitetsspørsmålet som fylgje av den nye informasjonen i denne avtalen.

2.0 Kva handlar lovlegkontrollen om?

Saka gjeld detaljreguleringsplan (PlanID 20220102) for eit område der Måsholmen Utvikling AS er forslagsstillar og sentral aktør. Måsholmen Utvikling AS har partsstatus etter fvl § 2, 1. ledd bokstav e.

Dette gjev automatisk inhabilitet for styremedlemmer i Måsholmen Utvikling AS og potensielt avleidd inhabilitet for den som gjennom Florø Hamn KF si *aksjonærrolle* i Måsholmen Utvikling AS. Dette kan bli oppfatta til å nær tilknytning til selskapet. Ingen **kommunestyremedlem** er medlem av styret i Måsholmen Utvikling AS.

Vidare drøfting av lovlegkontrollen blir disponert:

1. Avklare om det formelle kravet til å sette fram for lovlegkontrollen er oppfylt (Kapittel 3).
2. Avklare i kva grad saka tidlegare har vore mangelfull utgreidd i høve påstand om brot på fvl §17. (Kapittel 4)

3. Habilitetsvurdering av styreleiar og kommunestyrerepresentant Vågene

(kapittel 5)

4. Avklare om av gruppemøte i Høgre i tilknytning til sak 26/073 er eit formelt og førebuande møte (kapittel 6)
5. Har mogeleg sakshandsamingsfeil (ein mogeleg inhabil representant kan ha delteke på førebuande møte) hatt innverknad på endeleg vedtak (kapittel 7)?
6. Handsamingsmåte om vedtaket lovlegkontrollen vert teke til fylgje (kapittel 8)
7. Alternativ innstilling til kommunaldirektøren (kapittel 9)

For å kunne drøfta saka sitt innhald må vi først avgjere i kva grad styreleiar i havneselskapet er inhabil. Dersom ho blir funne inhabil vil dette ha betydning for hennar høve til deltaking i formelle møte som kommunestyre, men det kan også ha ei innflytelse i forhold til møter som tilhøyrar den politiske sfære, t.d. førebuande møte.

I denne saka har ikkje kommunedirektøren gjort vurdering av om det er forskjell på styreleiar og styremedlem i eit kommunalt føretak. Vi drøftar berre habilitet for styreleiar.

3.0 Formelt grunnlag for lovlegkontrollen

Krav om lovlegkontroll er sendt innanfor fristen (3 veker etter vedtaket) som kommunelova har sett (fristen gjekk ut 9. mai). Det er medlemmar av 3 parti i kommunestyret som har sendt kravet om kontroll og minimumskravet på 3 representantar er oppfylt.

Saka gjeld slutthandsaming av reguleringsplan som kommunestyret skal ta stilling til (plan- og bygningsloven §12-12). *Kommunestyret sitt vedtak har derfor eit lovleg innhald og er fatta av eit organ som er tillagt denne mynda, jfr, kml. §27-3, a og b.*

Kommunestyret har vedteke eit planframlegg og det er såleis eit endeleg vedtak som det er kravd kontroll av, jfr. kml §27-2.

3.1 Er vedtaket komme til på rett måte ?

Kontrollen gjeld om habilitetsreglane i kommunelova (kml) og forvaltningslova (fvl) er følgt. Grunnlaget for kontrollen gjeld klage på habilitet, jfr. kml 27-2, som det er høve å fremje kontroll på.

Det sentrale spørsmål å handsame blir derfor om vedtaket er komme til på rett måte jfr kml §27-3, c. og om habilitet i førebuande møte er handtert på ein tilfredsstillande måte ?

Kommunelova (jfr kml §11-11) viser til forvaltningslova sine reglar for handsaming av spørsmål om inhabilitet.

Forvaltningslova §6

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

- a. *når han selv er part i saken;*
- b. *når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;*
- c. *når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;*
- d. *når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;*

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan

innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

4.0 Har saka vore tilfredsstillande utgreidd etter § fvl 17

§ 17.(forvaltningsorganets utrednings- og informasjonsplikt) «Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.»

Det er sett fram slik påstand:

Når dokumentasjon som kan vere avgjerande for habilitetsvurderingar først kjem fram på eit seint tidspunkt, oppstår det spørsmål om saka har vore tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17. Det er på det reine at sentrale vurderingar av habilitet vart endra som følgje av den nye informasjonen. Dette talar for at grunnlaget for vedtaket kan ha vore mangelfullt.

Kommunestyret slutthandsama først reguleringsplan for Håskjæra og Måsholmen i januar 2026 – sak 26/017.

Vedtak vart kjend ugyldig av Statsforvaltaren og saka måtte handterast på nytt. Det låg såleis ikkje føre eit endeleg vedtak før 19. mai. Kommunestyret si nye handsaming tok opp i seg nye opplysningar relevant for habilitetsvurderinga, også sett i relasjon til aksjonæravtalen, m.a. ved å kjenne representanten Nydal inhabil.

4.1 Aksjonæravtale er normalt ikkje ein del av handsaming av arealplan

Eit aksjeselskap (Måsholmen Utvikling AS) som fremjar ei reguleringsplan sender som regel ikkje med aksjonæravtale i samband med plangrunnlaget. Dette er såleis ikkje dokumentasjon som er relevant og naturleg å legge fram i samband med spørsmål om arealbruk. Det kan også variere frå selskap til selskap i kva grad dette er offentleg tilgjengeleg informasjon. I denne saka var det etterspurt av politiske organ, da kommunen også har eigarskap i selskapet Måsholmen Utvikling AS, og framlagt som følgje av dette.

Sidan denne type dokument normalt ikkje ligg ved til handsaming av arealplanar er det såleis ikkje ein sakshandsamingsfeil at avtalen ikkje låg ved tidlegare. Kommunestyret kunne dessutan først 19. mai realitetshandsame saka, all den tid vedtak frå 29. januar vart underkjend av Statsforvaltaren.

Forutgåande mogelege manglar i sakshandsaminga, før mai 2026, vart såleis reparert ved nytt kommunestyret i mai.

4.2 Det ligg ikkje føre brot på fvl. §17

Kommunedirektøren kan derfor ikkje sjå at det ligg føre brot på

utgreiingsplikta, ref. § fvl 17. Dette punktet i kontrollen er såleis komme til på rett måte gjennom at kommunestyret har kunne vurdere avtalen når handsaminga tok til 19. mai, også i høve habilitetsspørsmålet.

5.0 Habilitetsvurdering – fvl § 6, 1 ledd – automatiske habilitet

Kommunestyret har gitt Florø Hamn KF mandat til opprette selskapet, k.sak 080/21, i samarbeid med private for å utvikle nærings- og hamneterminal i Gunhildvågen.

Kommunestyret har godkjent løyving til aksjekapital til Måsholmen AS i sak 171/21.

Å vere styremedlem eller styreleiar i eit kommunalt føretak, medfører ikkje at det oppstår inhabilitet etter §6.1 i FVL. Dette går også fram av Prop 46 L (2017-2018) Ny kommunelov: «*Kommunale foretak er ikke selvstendige rettssubjekter og er ikke omfattet av selskapsbegrepet.*» Styreleiar eller styremedlem i Florø Hamn KF, møter i eigarorgan (generalforsamling, eigarmøte m.v.) i Måsholmen Utvikling AS, men heller

ikkje dette gjer dei inhabil etter § 6.1 FVL.

5.1 Habilitetsvurdering – fvl § 6, 2 ledd – særegne grunnar

Det siste spørsmålet er om styremedlem og styreleiar av andre grunnar (§6.2 i FVL) kan vere inhabil. Sjå kap. 3.2 i regjeringa sin rettleier.

«Etter denne bestemmelsen kan en tjenestemann eller folkevalgt bli inhabil hvis det foreligger «andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til tjenstemannens upartiskhet».

Bestemminga opnar for ei brei, skjønnsbasert vurdering av om representanten har ei slik tilknytning til saka eller partane, at tilliten til at representanten vil handsame saka på ein nøytral måte kan bli svekka. Dersom representanten har fleire former for tilknytning til saka eller partane, må desse vurderast samla. Ved denne vurderinga skal det blant anna bli lagt vekt på om vedtaket vil innebere ein «særleg fordel, tap eller ulempe for representanten sjølv eller nokon som kommunestyrerepresentanten har nær personleg tilknytning til».

Habilitetsspørsmålet handlar også om korleis dette ser ut frå «utsida». Kommunedirektøren har registrert at det i media er fremja påstandar om inhabilitet. Dette fører ikkje fram i seg sjølv. Likevel kan det til leggjast vekt på om deltaking frå styret i samband med handsaming i kommunestyret kan vere eigna til å svekke publikum si oppfatning av handsaminga. Folkevalde kan bli vurdert til å vere inhabile på grunn av innbyggjarane sine alminnelege forventning til, og oppfatning av omstenda kring handsaminga. Sivilombodet sin praksis legg vekt på dette.

Saka om Måsholmen er ei stor reguleringssak. Sjølv om planen er fremja av ein privat part, har kommunen også ei indirekte økonomisk og praktisk interesse gjennom sitt eigarskap i Måsholmen AS.

Spørsmålet er om dette er nok til å gjere representanten inhabil, all den tid kommunen sitt engasjement, som kommunestyret sjølv har gjort vedtak om, skal følgjast opp, jfr k.sak 21/080. At ein folkevald deltek på møte som folkevald representant skapar i seg sjølv ikkje inhabilitet.

Tiltaket er også ein del av kommunedelplanen sin arealdel, slik at arealbruken er stadfesta. Det er heller ikkje uvanleg at det vert fremja for kommunestyret ein reguleringsplan for eit område med infrastruktur og hamneanlegg. Slike planar løyser ofte ut spørsmål om økonomiske avtalar, t.d. utbyggingsavtaler eller refusjonar etter pbl kap. 17 og 18,

Oppfølginga ville nødvendigvis ikkje sett annleis ut om kommunen hadde følgd opp engasjement i eit anna folkevald organ, koml. §5-1. Når kommunen vel å organisere ein aktivitet som føretak etter koml. kap. 9, løyser dette i seg sjølv ikkje inhabilitet då interessa knyter seg til rolla som folkevald.

Det er også vanskeleg å sjå at det ligg føre ei personleg vinning, eller forhold av privat karakter, slik som at eit planvedtak har praktisk eller økonomisk verknad for styreleiar. Derfor har ikkje styreleiar vorte kjend habil til å delta plan- og miljøutvalet, og i samband med kommunestyrehandsaming av reguleringsplan i mai 2024 (sak vart utsett i påvente av nye utgreiing), og 1. gangs slutthandsaming i kommunestyret i januar 2026. Det har vore lagt vekt på at styreleiar følger opp saka som folkevald.

Utover dei nemnde forholda må også ei brei vurdering innebere å ta opp aksjonæravtale mellom Gunhildvågen Holding AS og Florø Hamn KF. Aksjonæravtalen vart, som omtalt, først offentleggjort i samband med handsaming til kommunestyret 19. mai.

Avtalen må vurderast i lys av å kunne vere eit særeige forhold. Aksjonæravtalen peikar

på at partane i fellesskap skal bygge og utvikle næringsområde med tilhøyrande infrastruktur. Utbygginga er såleis ikkje berre ei offentleg opparbeiding av infrastruktur (veg, kai, næringsområde for sal m.v.). Den involverer også ein privat part i ei felles områdeutvikling, også eit næringsområde. Det er såleis ikkje berre kommunen som skal stå for utbygginga.

Sjølv om styremedlemmar er unnateke habilitetsreglane etter fvl §6,1 ledd ligg det ei forretningsorientert organisering i KF-modellen som gjer at det er anbefalt å vurderte styremedlemmar etter fvl 6,2 ledd.

Forretningsorientering i KF-modellen gjer at det kan førekomme rollekonflikt som kan utfordre representantar som også sit i hamnestyre sitt heilskapssyn når dei deltek i kommunestyrehandsaming av slike saker. Styremedlem har oppgåver og ansvar for selskapet, m.a. økonomi og resultatorientering, og jo større saka er, desto større grunn til å drøfte om det ligg føre interesse- og rollekonflikt. Containerfunksjonen er ein viktig inntekts- og aktivitet for Florø Hamn KF.

Habilitetsvurderinga må då vurdere om det **kan** ligge føre bindingar som representerer ei interesse som styreleiar og styre har ovanfor Måsholmen Utvikling AS. Aksjonæravtalen tek i vare kommunen sine interesser, men samstundes ligg det ein særeigen interesse for eit utfall av reguleringssaka. Interessa må vere noko utover at styre og styreleiar opptre som folkevalde ei eit politisk organ (styret i Florø Hamn KF) og forvaltar eigarskapen i Måsholmen Utvikling AS. Aksjonæravtalen har som formål å realisere nærings- og hamneområdet. Avtalen regulerer rettar i samband endra eigarsamansetting, rett til å leige hamnefunksjon. Det ligg sjølv sagt også eit motiv å organisere utbygging for å oppnå avkastning, som kanskje ikkje hadde vore like tydeleg der kommunen i større grad hadde stått for ei sjølvkostbasert utbygging.

Avtalen tydeleggjer viktigheita for Flora Hamn KF å få realisert utbygginga. Såleis kan avtalen bli tolka som ein lojalitetsforpliktelse, som ikkje nødvendigvis andre folkevalde har.

Rettleiar, habilitet 2009

«At tjenestemannen, den folkevalgte eller en av deres nærmeste har en særlig fordel, tap eller ulempe kan ha grunnlag i så vel naboforhold, konkurranseforhold, interessefellesskap eller interessemotsetninger.»

Etter kommunedirektøren si vurdering ligg det derfor føre inhabilitet for styreleiar i Florø Hamn KF etter fvl. §6,2 dette med utgangspunkt i at aksjonæravtalen står fram som eit interessefellesskap. Dette representerer eit særeige forhold som gjev inhabilitet sjølv om representantane ikkje har noko personleg vinning eller interessa av utfall av saka.

Vi er ikkje kjend med at er andre forhold, utover *ordinær* utøving av styrerollen i Florø Hamn KF, som skulle tilseie at det ligg føre til annan konklusjon enn over.

Avgjerda er basert på skjønn der ei anna vekting kan gje eit anna utfall. Skjønnsutøvinga som er gjort i saka kan ikkje seiast å vere uttømmande.

Det må leggjast til at berre kollegiale organ (folkevalde organ) skal avgjere spørsmålet om habilitet, fvl §8, 2 ledd. Men sidan dette er ein lovlegkontroll er det relevant å vurdere habilitet for å vurdere korleis avgjerda er komme fram og kva prosess som er følgt.

6.0 Handsaming i gruppemøte

Når nokon blir inhabile, vil dei også bli rekna som inhabil til å delta førebuinga av ei sak.

I utgangspunktet er ikkje gruppemøte eit formelt organ, verken etter forvaltningslova

eller kommunelova. Gruppemøte for politiske parti er heller ikkje møte, jfr. § 11-2.

Rettleiar fra kommunaldepartementet, kap 5.3.4

"Politikermøter" Politikerne fra samme parti som sitter i kommunestyret omtales gjerne som en gruppe. Hver partigruppe har normalt en gruppeleder. De politiske partiene er ikke regulert av kommuneloven, og rene politiske gruppemøter i et parti er derfor ikke omfattet av reglene i kapittel 11.

Gruppemøte tilhører det «politiske rommet» med forhandlingar, kompromiss, drøfting og meningsbryting. Korleis ei gruppe skal stemme i kommunestyret, samla eller individuelt, tilhører den politiske sfære, og bør i utgangspunktet ikkje vere gjenstand for formell sakshandsaming. Møta er normalt ikkje opne for allmenta eller for andre utanfor partiet. Sjølv om møta ikkje er formelle, er det likevel god politiske kutyme at inhabile ikkje deltak på slik møte og er med i utforming av partia sine standpunkt.

Likevel er det ein del forhold som seier til at spørsmålet må drøftast vidare. Det er også viktig å slå fast at representanten Arlene Vågene ikkje deltok på kommunestyremøtet og var i god tru da ho deltok på gruppemøtet.

Ordførar hadde på forhånd bede om at partia melde frå om habilitet i god tid før kommunestyremøte, og ho hadde meldt inn habilitetsspørsmålet.

Vi kjenner ikkje til innhald og kven som deltok på gruppemøte. Til dette formålet forutset vi at møtet fann stad ei tid før kommunestyremøtet, *også før kommunedirektøren orienterte om ny habilitetsvurdering.*

Vågene deltok ikkje under siste handsaminga i kommunestyret (møte 19. mai, sak 26/073). Deltaking på gruppemøtet i forkant kan ha påverka korleis gruppa skulle stemme. Har den inhabile vore aktiv i eit gruppemøte, og det er haldepunkt for at dette har påverka andre, talar det for at feilen kan ha virka inn på utfallet. I kva grad gruppa vart bunden, som grunnlaget for lovlegkontrollen er tufta på, er ikkje nødvendigvis relevant.

Kvar kommunestyrerepresentant har høve til, og skal å gjere si sjølvstendige vurdering i lys av kommunelova. I denne samanhengen må ein likevel gå ut frå gruppeleiar har ein viss innflytelse på korleis gruppa stiller seg til saker.

Men det må leggjast til at vi ikkje har sikker kunnskap om det som faktisk skjedde på møtet og korleis dei drøfta seg fram mot felles stemmegiving. Derfor kan det framstå som unødig strengt, og ikkje minst då Vågene har handla i god tru i høve inhabilitet.

Deltek ein inhabil i eit førebunde møte utgjør dette ein sakshandsamingsfeil, og den kan vere utslagsgjevande for gruppe sitt standpunkt. Såleis er feilen eit moment i vurdering av om saka ikkje er komme til på rett måte.

Det neste steg i vurderinga av lovlegkontrollen er om denne feilen i sakshandsaminga er så avgjerande at den fører til at vedtaket blir ugyldig.

7.0 Har feilen hatt innverknad på resultatet

Rettsleg utgangspunkt er at den som er inhabil til å treffe avgjerd i ei sak, også er inhabil til å førebu saka for kommunestyret, med mindre at tilknytninga ikkje kan påverke avgjerda. Verken offentlege eller private interesser gjer at vedkommande viker frå, jf. forvaltningslova § 6 siste ledd.

Stemmefordelinga for fleirtalet på 20 stemmer var H, Frp, Sp og 1 uavhengig. V, R, AP, SV stemde mot med 17 stemmer. Dette gjer at det skulle lite til før feilen har fått innverknad på utfall i saka.

Inhabilitet, som feil i sakshandsaming, blir vurdert etter forvaltningslova § 41. Den fastsett at eit vedtak likevel er gyldig dersom det er «*grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha verka avgjerande på vedtaket sitt innhald*».

Slike feil fører ikkje automatisk fører til ugyldighet (A. Løvli, 2019, Kritisk Juss), men det skal lite før denne type sakshandsamingsfeil, også i førebuande møte, leier til ugyldighet. Det blir ikkje ei vurdering om det er overvekt av sannsyn for at inhabiliteten har påverka vedtaket; det er tilstrekkeleg med ein «ikke helt fjerntliggande mogelgheit», ref ny forvaltningslov, NOU 5, 2019. Dette betyr at det **kan** ha skjedd ei påverknad i det omtala førebuande møte.

Med ei slik forståing har sakshandsamingsfeilen hatt innverknad på resultat, og vedtaket må derfor opphevast.

8.0 Adgang til ny behandling – også ved inhabilitet:

Kommunelova avgrensar ikkje i høvet til å handsame saka på nytt sjølv om det er kravd lovlegkontroll, heller ikkje der det opprinnelege vedtaket er hefta med inhabilitet. Kommunestyret kan ta opp saka til ny handsaming og eventuelt fatte nytt vedtak jf. kommunelova § 27-3 om kommunestyret konstaterer feil i sakshandsaminga.

Dersom det opprinnelige vedtaket er ugyldig på grunn av inhabilitet, vil eit nytt og gyldig vedtak normalt reparere feilen.

Dette fylgjer av alminnelege forvaltningsrettslige prinsipp, og er stadfesta i rettspraksis, jfr. f.eks. Rt-1996-64 og LA-1993-00492, der det er lagt til grunn at ny handsaming kan reparere tidlegare sakshandsamingsfeil. Den nye handsaminga må likevel skje på korrekt grunnlag. Framgangsmåten inneber at saka ikkje vert sendt til kommunestyret for ny handsaming.

Kommunestyret kan omgjøre egne vedtak etter reglene i forvaltningsloven § 35. Omgjering kan skje utan klage dersom:

1. Endringen ikke er til skade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser.
2. Underretning om vedtaket ikke er kommet frem til vedkommende og vedtaket heller ikke er offentlig kunngjort,
3. **Vedtaket må anses ugyldig, jf. forvaltningsloven § 35 første ledd**

Planen er enno ikkje rettskraftig. I denne samanheng vil vedtaket blir sett også som ugyldig, jfr. §35, 1. ledd.

9.0 Alternativ innstilling

Kommunedirektøren drøftar her korleis ei alternativ innstilling kan grunnleggjast. I seg sjølv kan det vere grunnar til å løfte spørsmåla i saka til Statsforvaltaren. Dette kan skje gjennom at kommunestyret stadfestar vedtaket, og sender det vidare til Statsforvaltaren.

Som nemnd er styremedlemmar i kommunale føretak ein del av den kommunale organiseringa, og såleis unnateke frå habilitetsreglane etter fvl §6, 1 ledd, slik forvaltningslova gjeld for andre selskap. Kommunestyret har i 2021 godkjent kommunen sitt engasjement i Måsholmen AS. Vågene opptre såleis som folkevald i høve dei organa ho deltek i, og såleis ein del av oppfølginga kommunestyret har lagt denne oppgåva til føretaket.

Vi har heller ikkje anna informasjon om gruppemøtet enn kva som vart referert i kommunestyret. Om det faktisk har skjedd slik påverknad frå Vågene at det har vore utslagsgjevande for partigruppa Høgre kan vi ikkje dokumentere. Saka, og

habilitetsvurderinga, har fleire sider, og fleire nyansar. Vågene har ikkje personleg vinning eller personleg interesse i utfall av saka, noko som i høve habilitetsvurderinga er viktig. Ved å utvide vurdering etter fvl 6,2 ledd også å ta med interessefellesskap som ein aksjonæravtale inneber har ein samstundes senka terskelen for inhabilitet utover kva kommunen har hatt praksis for.

Vågene handla i god tru når ho deltok på gruppemøtet då ho tidlegare hadde blitt funne habil ved tidlegare handsamingar.

Kommunestyret har heller ikkje teke stilling til Vågene sin habilitet, slik spørsmål om tema blir handsama i kollektive organ (kommunestyre) jfr. 8 2. ledd.

Det er derfor ikkje rett fram å ta stilling til lovlegkontrollen. Det er nærliggjande å tru, og kan hevdast, at representanten Vågene ikkje har opprådt klanderverdig då ho i kommunestyret 29. januar fekk stadfestinga som var nødvendig for å delta på gruppemøte som «habil». Det er berre er kollektive organ som etter § fvl 8 avgjer spørsmålet. Slik handsaming ikkje har funn stad.

Vågene tok opp spørsmålet om habilitet på nytt, noko som er korrekt etter kommunelova §11-10, og forvaltningslov §8, 1 ledd. Det er såleis vanskeleg å laste Vågene for at ny informasjon kom fram på eit seinare tidspunkt enn gruppemøtet.

Kommunestyret har heller ikkje teke stilling til habiliteten etter fvl. §8 2. ledd fordi representanten hadde forfall til møtet.

Eit alternativ framlegg enn kommunedirektøren sitt kan formulerast slik;

1. Kommunestyret stadfester sitt vedtak i sak 26/073.
2. Lovlegkontrollen fremja 9. juni av representantane frå Ap, R og Sv vert ikkje teke til følgje (saksframlegget kap. 9)
3. Saka vert sendt til Statsforvaltar for vidare handsaming.

Behandling i Kommunestyret 22.06.2026:

Lovlighetskontrollen vert ikkje teken til følge, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kinn kommunestyre tek ikkje lovlegkontrollen av kommunestyret sitt vedtak i sak 26/073 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera» til følgje.
2. Kinn kommunestyre stadfestar vedtaket av 19.05.2026 i sak 26/073.
3. Saka vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming av lovlegkontrollen, jf. kommunelova kapittel 27.

Grunngjeving

Kommunestyret viser til at lovlegkontrollen gjeld spørsmål om vedtaket i sak 26/073 har kome til på lovleg måte, særleg knytt til habilitet og deltaking i politisk gruppemøte i forkant av kommunestyret si handsaming.

Kommunestyret meiner det ikkje ligg føre rettsleg grunnlag for å oppheve vedtaket.

For det første legg kommunestyret til grunn at Florø Hamn KF er eit kommunalt føretak og dermed ein del av kommunen si eiga organisering. Styremedlemmer i kommunale føretak er ikkje omfatta av den automatiske inhabilitetsregelen i forvaltningslova § 6

første ledd bokstav e på same måte som styremedlemmer i sjølvstendige selskap. Rolla som styremedlem eller styreleiar i Florø Hamn KF kan derfor ikkje i seg sjølv føre til inhabilitet.

Kommunestyret viser vidare til at Florø Hamn KF ivaretek kommunen sine interesser etter mandat frå kommunestyret. Eventuelle interesser Florø Hamn KF har i saka, er difor kommunale interesser, ikkje personlege eller private interesser for den enkelte folkevalde. Det er ikkje påvist at representanten Vågene hadde personleg økonomisk vinning, personleg tap, privat fordel eller annan særskild personleg interesse i utfallet av reguleringsaka.

Kommunestyret meiner at forvaltningslova § 6 andre ledd må praktiserast med varsemd i saker der tilknytninga byggjer på verv i kommunen si eiga organisering. Dersom eit slikt kommunalt verv, kombinert med at kommunen har interesser i saka, i seg sjølv skal føre til inhabilitet, vil det kunne skape ein svært vidtrekkande regel for folkevalde som er valde til å ivareta kommunen sine interesser i kommunale råd, styre, utval og føretak. Kommunestyret meiner at dette ikkje kan vere rett forståing av habilitetsreglane.

Kommunestyret har merka seg at aksjonæravtalen mellom Florø Hamn KF og den private aksjonæren i Måsholmen Utvikling AS er trekt fram som eit mogleg «interessefellesskap». Kommunestyret meiner likevel ikkje at dette er tilstrekkeleg til å konstatere inhabilitet for styreleiar i Florø Hamn KF. Aksjonæravtalen gjeld oppfølging av kommunen sitt engasjement i prosjektet, slik kommunestyret tidlegare har lagt til rette for. Dette er framleis ei kommunal interesse, ikkje ei særskild personleg interesse for representanten.

For det andre viser kommunestyret til at Vågene ikkje deltok i kommunestyret si handsaming av sak 26/073 den 19.05.2026. Ho deltok ikkje i debatten, ho deltok ikkje i habilitetsvurderinga i møtet, og ho deltok ikkje i avstemminga. Kommunestyret meiner det skal mykje til før habiliteten til ein representant som ikkje deltok i det formelle vedtaksorganet, kan føre til at kommunestyret sitt vedtak må opphevast.

For det tredje meiner kommunestyret at eit internt politisk gruppemøte ikkje er eit folkevalt organ etter kommunelova. Slike møte er ein del av den politiske prosessen, der partia drøftar saker, avklarar standpunkt og førebur seg til møte i folkevalde organ. Kommunestyret meiner det vil vere uheldig om ordinære interne partimøte i ettertid vert behandla som formelle saksførebuande organ på ein måte som gjer at kommunestyrevedtak kan opphevast utan klare haldepunkt for ulovleg påverknad.

Kommunestyret kan ikkje sjå at det er dokumentert kva Vågene skal ha sagt i gruppemøtet, korleis drøftinga i Høgre si gruppe gjekk føre seg, eller at hennar deltaking faktisk påverka gruppa sitt standpunkt. Kommunestyret viser til at kvar kommunestyrerepresentant har eit sjølvstendig ansvar for si stemmegjeving i kommunestyret. At ei partigruppe har drøfta saka og kome fram til eit felles standpunkt før møtet, er i seg sjølv ikkje ein saksbehandlingsfeil.

Kommunestyret legg òg vekt på at Vågene tidlegare var funnen habil ved handsaming av same sak, og at ho i forkant av kommunestyremøtet tok opp spørsmålet om habilitet på nytt. Ho hadde meldt forfall til møtet 19.05.2026, og kommunestyret fekk derfor ikkje vurdert hennar habilitet i dette møtet. Kommunestyret meiner det ikkje er grunnlag for å leggje til grunn at ho har optrått klanderverdig eller i strid med habilitetsreglane.

Når det gjeld forvaltningslova § 41, meiner kommunestyret at det uansett ikkje er påvist ein saksbehandlingsfeil som gir grunnlag for å setje vedtaket til side. Det ligg heller ikkje føre konkrete haldepunkt for at Vågene si deltaking i eit internt partigruppemøte kan ha verka inn på kommunestyret sitt vedtak. Ein rein hypotetisk moglegheit for politisk påverknad i eit internt partimøte kan ikkje vere tilstrekkeleg til å oppheve eit lovleg fatta kommunestyrevedtak, særleg når den aktuelle representanten ikkje deltok i kommunestyret si handsaming eller avstemming.

Kommunestyret viser vidare til at påstanden om mangelfull utgreiing etter forvaltningslova § 17 ikkje kan føre fram. Aksjonæravtalen var kjend og kunne vurderast ved kommunestyret si handsaming 19.05.2026. Kommunestyret hadde dermed høve til å ta stilling til dei opplysningane som var relevante for saka og habilitetsspørsmålet før vedtak vart fatta.

På denne bakgrunn meiner kommunestyret at vedtaket i sak 26/073 har lovleg innhald, er fatta av rett organ og har kome til på lovleg måte. Lovlegkontrollen vert difor ikkje teken til følgje, og kommunestyret stadfestar vedtaket.

Habilitetsvurdering:

Repr. Solbakken (SV) ønskjer sin habilitet vurdert då ho er vara i Florø Hamn KF, ho har ikkje møtt på nokon møter.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er habil, då ho ikkje har deltatt i styremøter.

Repr. Vig (KrF) ønskjer sin habilitet vurdert grunna tidlegare inhabilitet i saka.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter at Statsforvaltaren allereie har kjent ho inhabil.

Repr. Sunde (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då hennar partner er leiar i NFF og er engasjert i saka og har sendt merknad.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er habil, det er ikkje uvanleg å sette eit standpunkt i ei sak. Ut frå vurdering om at nokon som står ein nær har interesse i saka, vurderast det at representanten verken har personlege eller økonomiske interesser i saka.

Kommunestyret erklærer samrøystes representantane Sunde (H) og Solbakken (SV) som habile.

Kommunestyret erklærer samrøystes representanten Vig (KrF) som inhabil, og ho fråtrer. Vara Johan Vadøy (KrF) tiltrer.

Kommunedirektøren informerer:

I saksframlegget kap. 8 er det vist til fvl. § 35 vedrørande omgjering av vedtaket, noko som ikkje treng å stå der. Dersom kommunestyret ikkje motset seg det, ønskjer han å fjerne paragrafen i saksframlegget.

Ingen merknadar frå kommunestyret.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegg frå FrP, Høgre og SP v/repr. Duvik og falt med 18 røyster (2 V, 8 AP, 2 KrF, 4 Raudt, 2 SV).

KOST- 106/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre tek ikkje lovlegkontrollen av kommunestyret sitt vedtak i sak 26/073 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjera» til følgje.
2. Kinn kommunestyre stadfestar vedtaket av 19.05.2026 i sak 26/073.
3. Saka vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming av lovlegkontrollen, jf. kommunelova kapittel 27.

Grunngjeving

Kommunestyret viser til at lovlegkontrollen gjeld spørsmål om vedtaket i sak 26/073 har kome til på lovleg måte, særleg knytt til habilitet og deltaking i politisk gruppemøte i forkant av kommunestyret si handsaming.

Kommunestyret meiner det ikkje ligg føre rettsleg grunnlag for å oppheve vedtaket.

For det første legg kommunestyret til grunn at Florø Hamn KF er eit kommunalt føretak og dermed ein del av kommunen si eiga organisering. Styremedlemmer i kommunale

føretak er ikkje omfatta av den automatiske inhabilitetsregelen i forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e på same måte som styremedlemmer i sjølvstendige selskap. Rolla som styremedlem eller styreleiar i Florø Hamn KF kan derfor ikkje i seg sjølv føre til inhabilitet.

Kommunestyret viser vidare til at Florø Hamn KF ivaretek kommunen sine interesser etter mandat frå kommunestyret. Eventuelle interesser Florø Hamn KF har i saka, er difor kommunale interesser, ikkje personlege eller private interesser for den enkelte folkevalde. Det er ikkje påvist at representanten Vågene hadde personleg økonomisk vinning, personleg tap, privat fordel eller annan særskild personleg interesse i utfallet av reguleringsaka.

Kommunestyret meiner at forvaltningslova § 6 andre ledd må praktiserast med varsemd i saker der tilknytninga byggjer på verv i kommunen si eiga organisering. Dersom eit slikt kommunalt verv, kombinert med at kommunen har interesser i saka, i seg sjølv skal føre til inhabilitet, vil det kunne skape ein svært vidtrekkande regel for folkevalde som er valde til å ivareta kommunen sine interesser i kommunale råd, styre, utval og føretak. Kommunestyret meiner at dette ikkje kan vere rett forståing av habilitetsreglane.

Kommunestyret har merka seg at aksjonæravtalen mellom Florø Hamn KF og den private aksjonæren i Måsholmen Utvikling AS er trekt fram som eit mogleg «interessefellesskap». Kommunestyret meiner likevel ikkje at dette er tilstrekkeleg til å konstatere inhabilitet for styreleiar i Florø Hamn KF. Aksjonæravtalen gjeld oppfølging av kommunen sitt engasjement i prosjektet, slik kommunestyret tidlegare har lagt til rette for. Dette er framleis ei kommunal interesse, ikkje ei særskild personleg interesse for representanten.

For det andre viser kommunestyret til at Vågene ikkje deltok i kommunestyret si handsaming av sak 26/073 den 19.05.2026. Ho deltok ikkje i debatten, ho deltok ikkje i habilitetsvurderinga i møtet, og ho deltok ikkje i avstemminga. Kommunestyret meiner det skal mykje til før habiliteten til ein representant som ikkje deltok i det formelle vedtaksorganet, kan føre til at kommunestyret sitt vedtak må opphevast.

For det tredje meiner kommunestyret at eit internt politisk gruppemøte ikkje er eit folkevalt organ etter kommunelova. Slike møte er ein del av den politiske prosessen, der partia drøftar saker, avklarar standpunkt og førebur seg til møte i folkevalde organ. Kommunestyret meiner det vil vere uheldig om ordinære interne partimøte i ettertid vert behandla som formelle saksførebuande organ på ein måte som gjer at kommunestyrevedtak kan opphevast utan klare haldepunkt for ulovleg påverknad.

Kommunestyret kan ikkje sjå at det er dokumentert kva Vågene skal ha sagt i gruppemøtet, korleis drøftinga i Høgre si gruppe gjekk føre seg, eller at hennar deltaking faktisk påverka gruppa sitt standpunkt. Kommunestyret viser til at kvar kommunestyrrerepresentant har eit sjølvstendig ansvar for si stemmegjeving i kommunestyret. At ei partigruppe har drøfta saka og kome fram til eit felles standpunkt før møtet, er i seg sjølv ikkje ein saksbehandlingsfeil.

Kommunestyret legg òg vekt på at Vågene tidlegare var funnen habil ved handsaming av same sak, og at ho i forkant av kommunestyremøtet tok opp spørsmålet om habilitet på nytt. Ho hadde meldt forfall til møtet 19.05.2026, og kommunestyret fekk derfor ikkje vurdert hennar habilitet i dette møtet. Kommunestyret meiner det ikkje er grunnlag for å leggje til grunn at ho har optrått klanderverdig eller i strid med habilitetsreglane.

Når det gjeld forvaltningslova § 41, meiner kommunestyret at det uansett ikkje er påvist ein saksbehandlingsfeil som gir grunnlag for å setje vedtaket til side. Det ligg heller ikkje føre konkrete haldepunkt for at Vågene si deltaking i eit internt partigruppemøte kan ha verka inn på kommunestyret sitt vedtak. Ein rein hypotetisk moglegheit for politisk påverknad i eit internt partimøte kan ikkje vere tilstrekkeleg til å oppheve eit lovleg fatta kommunestyrevedtak, særleg når den aktuelle representanten ikkje deltok i

kommunestyret si handsaming eller avstemming.

Kommunestyret viser vidare til at påstanden om mangelfull utgreiing etter forvaltningslova § 17 ikkje kan føre fram. Aksjonæravtalen var kjend og kunne vurderast ved kommunestyret si handsaming 19.05.2026. Kommunestyret hadde dermed høve til å ta stilling til dei opplysningane som var relevante for saka og habilitetsspørsmålet før vedtak vart fatta.

På denne bakgrunn meiner kommunestyret at vedtaket i sak 26/073 har lovleg innhald, er fatta av rett organ og har kome til på lovleg måte. Lovlegkontrollen vert difor ikkje teken til følge, og kommunestyret stadfestar vedtaket.

Vedlegg i saken:

Aksjonæravtale Måsholmen 20.10.22

Krav om lovlegkontroll K-sak 73/26 - Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen

Følgjeskriv

Protokoll_Kommunestyret 19.05.2026